

## Referat frå møtet i fou-utvalet *måndag 8. september 2008 kl 12.30-15.40*

*Til stades:* Oddbjørn Bukve (leiar), Jan Olav Fretland, Marit Solheim (per telefon), Tone Jørgensen, Magne Mæhle, Svein Ølnes og Georg Arnestad (sekretær). *Fråverande:* Knut Rydgren. Studentparlamentet har enno ikkje nemnt opp nye studentrepresentantar. Rektor Åse Løkeland deltok under sak 26, 27 og 29.

### **24/08 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. For ordens skuld bør også referatet frå siste møtet i utvalet formelt godkjennast i påfølgjande møte.

### **25/08 Orienteringssaker**

**a) Medlem av fou-utvalet**, Marit Solheim er for perioden 1.9.2008-1.9.2012 tilsett som forskingsleiar ved Senter for helseforskning, som er etablert i fellesskap mellom HSF og Helse Førde. Utvalsleiar gratulerte Solheim med stillinga. Senteret vert formelt opna fredag 26. september. Fou-utvalet er invitert til opninga. Solheim vil halde fram som medlem av HSF sitt fou-utval.

**b) Stipendiatstillingar** (open utlysing/profesjonsforskning). Utvalsleiar orienterte om tilsetjingsprosessen. Det var i alt 22 søkjarar til den opne stillinga. Rektor vedtok av det skulle tilsetjast i to stillingar ved denne utlysinga, sidan det ikkje var nokon kvalifiserte søkjarar til stipendiatstillinga i profesjonsforskning. Denne stillinga vart ut på nytt. I den opne stillinga vart tilsett Christian Frøyd (idrett) og Joachim Spindelböck (kulturlandskap), med Sylvi Rørvik (engelsk) som vara.

**c) Seminar om fou-strategiar** i høgskulane. NFR og UHR skipar til konferanse i Ålesund 20-21 november. Arnestad er invitert som innleiar/kommentator. I tillegg vil Solheim reise på konferansen.

**d) Publikasjonspoeng.** Så langt i år er det registrert 5,83 publikasjonspoeng ved HSF. Samla tal i 2007 var 28,8. Utvalet er uroa over utviklinga. Sekretær må gå ut med oppmoding om at alle poenggivande publikasjonar vert registrerte. Utvalet vil gjere ei analyse av utviklinga, og kome tilbake til saka når dei endelege 2008-tala ligg føre.

**e) Utvikling av heimesider** for fou. Utvalsleiar og sekretær har hatt eit møte med nettredaktør Amundsen om saka. Her vart følgjande drøfta:

- Få presentert fleire faktiske nyhende også på fou-sida
- Få til betre og klarare menyar på fou-sida
- Opne opp for at fou-grupper/-område kan få heimesider der dei sjølve kan leggje inn beskrivelsar/opplysningar om arbeidet
- Få fortgang i arbeidet med engelsk-språklege fou-sider

f) **Fagdagar/Forskingsdagane.** Sekretær viste til omtalen på heimesidene, og streka under at det i tillegg til alle sesjonane også vert lagt opp til at avdelingane skal presentere fou-verksemde si gjennom utstillingar og posters. Utvalsleiar peikte på at det er svært viktig å få presseomtale av arrangementa på førehand, og at sjølve tilskipingane får god pressedeckning.

g) **Arbeidsgrupper i UN-Nett Vest:** Bukve er nemnt opp som HSF-medlem av ei arbeidsgruppe om forskarutdanning. Han var ikkje spurt om dette på førehand, men tek sikte på delta på første møtet i gruppa 29.9. Arnestad vikarierer for Bukve, mens han er i Newcastle. Arnestad er oppnemnt som medlem av arbeidsgruppe for forskingssamarbeid, medan Svein Ole Sataøen er nemnt opp som medlem av ei gruppe som skal planleggje eit forskingsseminar. Sataøen var ikkje informert om dette på førehand, og har bede om avløyning. Det vert elles arbeidd med utvikling av forskarskular på ulike nivå no, både lokalt, regionalt og nasjonalt. For lærarutdanningane er det m.a. planar (UH-Rådet) om ein nasjonal forskarskule. Fretland er involvert i dette arbeidet.

## 26/08 Midtvegsrevisjon av fou-strategien ved HSF

Utvalet tok på møtet i juni opp behovet for ein mogleg midtvegsrevisjon av fou-strategiane. Styret var samd i dette, og bad fou-utvalet ta opp saka etter ferien.

I saksutgreiinga var bakgrunnen for val av fou-strategiar kortfatta oppsummert, og nokre diskusjonstema var lagde fram. Utvalsleiar hadde utarbeidd eit eige notat: *”Moment til midtvegsrevisjon av fou-strategien”*.

Utvalet, supplert av rektor, hadde ein fyldig diskusjon av saka. Utvalsleiar innleidde med grunnlag i sitt notat. Han streka òg under behovet for ryddige organisasjonsformer innanfor ei matriseorganisering av forskinga. I debatten etterpå vart det mellom anna peikt på følgjande:

- Treng vi også ein politikk ”for eksterne midlar”? For mens vi legg planar, byr det seg fram eksterne midlar på nye felt; jf. for eksempel tilfellet Fornybar energi.
- Det trengst ein viss fleksibilitet for å nå opp i konkurransen om fou-midlar. Ein må gi opp ønsket om full kontroll/styring
- Fleksibilitet og slakk heng saman. HSF har slakk på feile plassar til feil tid. Men har vi organisert oss så ”nøyaktig” at det ikkje vert slakk att? Kor ”beinhardt” skal vi følgje fou-strategiane våre? Det er unntaket meir enn regelen at våre beste forskingssøknader vinn fram.
- HSF skal vere fleksibel, men vi må også forvalte vår kjernekompetanse. Vi må ta ansvaret for at vi skal forvalte faga våre.
- Vi *må* drive forskning retta mot dei profesjonane vi utdannar til og for. Vi kan ikkje endre på dette no. Men kan vi (også) her eventuelt klare å utnytte våre komparative fortrinn – gjennom å kople gode miljø?
- Kan vi utnytte våre strategiske fortrinn også når det gjeld fou? Vi har m.a. eit stort og godt idrettsstudium som rekrutterer godt utanom fylket vårt, vi har landets beste sjukepleieutdanning, felles forskingsavdeling med eit helseføretak osv. Utnyttar vi dette godt nok?
- Kan vi kople idrett med andre fagområde på høgskulen? Korleis kan vi leggje til rette for at gode miljø finn kvarandre?
- Bør handlingsplanen vår seie noko om at vi må utnytte våre komparative fordelar?
- I botnen ligg våre ”obligatoriske” område, dvs. område der vi har eit særskilt ansvar. Neste hovudelement er å utnytte dei komparative fordelane våre, altså område der vi

relativt sett har mykje å fare med og minst avstand til dei beste. Dette bør vi følgje opp i strategien.

- Vi må understreke samanheng og korrelasjonen mellom god studenttilgang og forskning. Bør vi vere spesielt gode på forskning på felt der vi har mange studantar?

#### *Oppsummert:*

- Vi har ansvar for å forvalte og utvikle faga våre og høgskulane sine særskilde ansvarsområde
- Vi må utnytte våre komparative fordelar
- Vi må utnytte dei finansielle mulegheitene som byr seg
- Vi må kunne rekruttere gode folk/fagpersonale
- Vi må utnytte alliansar og samarbeid
- Vi må integrere forskning og studium

#### *Prosess hausten 2008 om "midtvegsrevisjon":*

- 1) Førebels drøfting i fou-utvalet 8.9
- 2) Orienteringssak til styremøtet 30.9
- 3) Avdelingshøyring og drøfting i leiargruppa
- 4) Behandling i fou-utval og styre (desember)

## **27/08 Endring av ressursfordelingsmodellen**

Rektor arbeider for tida med å utforme eit notat som vurderer endringar i HSF sin ressursfordelingsmodell. Så langt er følgjande justeringar vurderte når det gjeld indikatorar for tildeling av fou-ressursar frå institusjons- til avdelingsnivå:

- Den undervisningsavhengige fou-komponenten vert redusert frå 10 prosentpoeng til 8 prosentpoeng.
- 100 % av KD si fou-løyving vert vidareført direkte til den avdelinga som har skapt resultat.
- Andre eksterne inntekter inkl. kurs gjev ei resultatløyving til avdelinga. Nivået vert auka til 2 årsverk frå noverande 1 årsverk og er ei omfordelingsløyving.
- Kompetanseprofil. Fou-løyving knytt til førstestillingar vert fjerna, medan fou-ressursen til professorar vert oppretthalde.
- Den strategiske fou-ressursen på institusjonsnivå vert auka med 2 årsverk for å styrka løyvingane til førstelektorprogram/post-dok stipend og for å ha noko meir midlar til eigendel i strategiske viktige prosjekt for HSF.

Utvalet drøfta dei moglege justeringane utan å trekkje endelege konklusjonar. Følgjande vurderingar kom fram:

- Det var semje om at den undervisningsavhengige fou-komponenten kan reduserast.
- Det var òg semje om at heile fou-løyvinga frå KD bør direkte vidareførast til den avdelinga som har skapt resultat.
- Når det gjeld forslaget om å la eksterne inntekter inkl. kurs telje sterkare, vart det innvendt at det ikkje er nokon samheng mellom kursinntekter og fou. Som alternativ til den foreslåtte endringa kan ein i staden la avdelingane behalde ein større del av overheaden ved eksterne oppdrag enn tilfellet er i dag.
- Ein må halde oppe ei fou-løyving knytt til tilsette med doktorgrad. Det var ulike syn på om denne løyvinga òg burde knytast til førstelektorstillingar.

- Den strategiske fou-ressursen på institusjonsnivå må aukast. Ulike syn på om og i kva grad det er rett å fastsetje kva denne skal brukast til. Behovet for større ”slakk” og fleksibilitet (jf. sak 26) vart her nemnt.

### **28/08 Handlingsplan for fou-utvalet 2008/09**

Medlemmene i utvalet var på førehand bedne om å kome med forslag til endringar av gjeldande handlingsplan. Det kom ingen slike forslag i forkant av møtet.

Utvalet drøfta gjeldande handlingsplan, og medlemmene kom med fleire innspel til endringar og oppdatering. Sekretæren fekk i oppgåve å leggje fram nytt utkast til handlingsplan og tiltak med grunnlag i det som kom fram i drøftingane.

### **29/08 Bindingstid for stipendiatar**

Spørsmålet om mogleg bindingstid for stipendiatar ved HSF vart drøfta av fou-utvalet på møtet i juni 2008. Utvalet var då positiv til at HSF burde innføre bindingstid for tilsette i faste HSF-stillingar, som gjennom stipendiatstillingar får finansiert doktorgradsarbeidet sitt av HSF. Vi har no fått avklaring frå KD. Det synest ikkje vere noko i vegen for at vi kan innføre slik bindingstid.

For HSF sitt vedkommande er det rimeleg at det gjeld same bindingsreglar for HSF-stipendiatar som for tilsette ved HSF som får finansiert doktorgradsutdanning med interne doktorgradsstipend. I gjeldande regelverk for doktorgradsstipend heiter det at doktorgradsstipend for eitt år, medfører bindingstid i ¾ år. Eit doktorgradsstipend over fire år medfører då ei samla bindingstid på tre år ved HSF. Dersom den tilsette sluttar ved HSF før bindingstida er over, skal stipendet betalast tilbake høvesvis.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Stipendiatar ved HSF som er fast tilsette som høgskulelektor e.l. ved HSF, og som får permisjon frå denne stillinga for å ta til i stipendiatstilling finansiert av høgskulen, vert pålagde ei bindingstid i stilling ved HSF etter at stipendiatperioden er over.

Bindingstida vert fastsett til tre år for ein stipendiatperiode på fire år. Bindingstida skal særskilt gå fram av tilsetjingsbrevet. Dersom den tilsette sluttar i stilling ved HSF før bindingstida er over, skal han/ho betale tilbake til HSF ein høvesvis del av differansen mellom vanleg stipendiatløn og den løn han/ho har i si faste stilling ved Høgskulen.

**Neste møte i utvalet:** *Fredag 31. oktober kl 11.30*